




HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for april 2013.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 48



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Jarle Kristiansen
Visepres:	Karin S. Holstad
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Magnar Hatløy
Styremedlem:	Barnhard Harkjerr
Styremedlem:	Øystein Alme
Ansv.red.:	Aage Nytun
Referent:	Johan Ole Brandal

Fødselsdagar i mars:

Bernhard Harkjerr	1. april
Håvard Myrene	1. april
John Stennes	3. april
Aage Nytun	6. april
Arne Grimstad	11. april
Jørn Gjerde	17. april

Vaarnatten.

Bækkene mumler i søvne.
Tungt luter buskene over.
Gylden i sortblanke vanda
sænker en stjerne sit skin.
Vaarlig er stjernen; den funkler
ned til de verdner, som sover.

Stjerne, du hellige,
svar, om du ogsaa er min?

Skrek det? . . . Et trækfuglskriks ve-lyd!
Vildt som i smerte det kalder.
Gav det et løfte kanhænde,
varsrende kjærlighet, død?
Søvntrætte bækkene graater,
vet ikke selv, hvad de laller.
Stjernen, den hellige,
speiler sig sitrende rød.

Rotarymøte 1. april.

Programfritt.

Rotarymøte 8. april.

Oppnak av nytt medlem Øyvind Hansen pluss kåseri ved Arne Ola Grimstad.
Møtet starta med songen «No livnar det i lundar».

Denne dagen hadde vi 2 postar på programmet, nemlig oppnak av Øyvind Hansen som ny medlem i klubben og biletforedrag ved Arne Ola Grimstad.

Å ta opp eit nytt medlem i klubben er ei høgtidlig handling. Slik var det denne gongen også. Hans Gisle var seremonimeister, og leia Øyvind Hansen og fadderen Bernhard Harkjerr gjennom prosedyra på ein verdig og fin måte. Vi ynskjer Øyvind velkommen i klubben, og vonar han vil trivast.



Hans Gisle Holstad, Øyvind Hansen, Jarle Kristiansen og Bernhard Harkjerr.

Etter dette blei ordet gitt til Arne Ola Grimstad, forfattar av boka «Augneblinkar frå Hareid på 60-talet». Arne Ola er frå Grimstad, på Hareid, men busett i Ørsta. På 1960 talet var han lærar ved Hareid- og Hjørungavåg skule. Han var ein ivrig fotograf, og hadde oftast med seg fotoapparatet der han ferdast. Ideen til boka kom frå kultursjef i Hareid kommune, Oddbjørn Grimstad, og etter kort betenkning svara Arne Ola ja til å samle noko av biletksamlinga i bokform. Under presentasjonen vart det vist mange bilete som vi kjende oss igjen i, men forfattaren understrekar at fotoboka ikkje er noko dokumentarbok om Hareid på 60 talet. Til det er ho for mangelfull.



Vi takkar for ei fin stund med gjensyn med mange kjente ansikt og tidsbilete, og vi takkar også for at biletene er samla i bokform, slik at dei er tilgjengelig for eit større publikum.

Arne Ola Grimstad

Rotarymøte 15. april.

På dette møte var det Hafast som stod på plakaten, og det var Rotarymedlem og tidligare ordførar i Hareid, Hans Gisle Holstad som stod for presentasjonen.

Hans Gisle fortalte at etter fylkesårsmøta i dei politiske partia var unnagjort, er Hafast støtta av nesten heile det politiske miljøet på Sunnmøre. Regjeringa derimot seier ingenting om fjordkryssing i Nasjonal Transport Plan, anna enn at endelig avgjer om trase 'val skal kome seinare i år.

Dei som arbeider med Hafast støttar seg på rapporten frå professorane Victor Normann og Torgeir Reve som viser at Hafast er den traseen som vil gi størst verdiskaping. Hovudtyngda av industri på Sunnmøre er plassert på Ytre Søre.

For næringslivet i Ulstein, Herøy, Sande og Hareid er det avgjerande at Hafast blir bygd. Både for å bli ein del av ein større felles arbeidsmarknad, og for lettare tilgang til Høgskulemiljøet i Ålesund. Ålesund vil også i framtida vere regionssenter på Sunnmøre, og det vil vere svært viktig for Ytre Søre å ha god kommunikasjon dit. Hans Gisle var også inne på trase 'val i Hareidsdalen

Vi takkar Hans Gisle for eit svært aktuelt og interessant foredrag.



Hans Gisle Holstad.

Rotarymøte 22. april.

Ålesund Kunnskapspark ved Robert Voldnes.

Denne måndagen hadde vi besøk av Fosnavågaren og rotarianaren Robert Voldnes, frå Ålesund Kunnskapspark. Han heldt eit interessant foredrag om kva ÅKP steller med. Formålet med kunnskapsparken er å utvikle næringslivet i Møre og Romsdal til ein attraktiv region for dyktige menneske og spennande, framtidsretta bedrifter.

Mottoet til ÅKP er: Kompetanse=kunnskap, erfaring og holdningar omsett i praktiske handlingar. Innovasjonsselskapet ÅKP AS held til i Norsk Maritimt Kompetansesenter, som ligg ved høgskulen i Ålesund. Høgskulen er ein viktig samarbeidspartner. I tillegg er det etablert tett samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale kunnskaps- og forskingsmiljø. Dei har god oversikt over tilgjengelige virkemiddel og støtteordningar for innovasjon og næringsutvikling. ÅKP er eigd av aktørar i næringslivet og kommunar i regionen, samt SIVA (Selskapet for industriekst SF) ÅKP driv to Industri- inkubatorar på Sunnmøre, Ulsteinvik for Søre Sunnmøre og Brattvåg for Nordre Sunnmøre. Den primære funksjonen til industri-inkubatorane er:

Identifisere nye forretningsidear frå det eksisterande næringslivet (knoppskyting)

Finne ressurspersonar / grunderar som kan trekke i gang nye bedrifter.

Følgje opp framdrifta i prosjekta.



Robert Voldnes

Rotarymøte 30. april.


Mandagsmøte var denne gongen omgjort til Intercitymøte i Volda, på tysdag 30.april.

Vi var Ca 10 medlemmer frå Hareid RK som møtte på Volda Turisthotell kl. 1930. Her kom vi saman med medlemmar frå dei andre klubbane på Søre Sunnmøre, pluss Giske og Stryn. Bakgrunnen for innkallinga til Intercitymøtet i Volda var at David Wallwork, frå «The David School» i Sierra Leone var på besøk. Presidenten i Volda RK Halvard Bjørneset yngste David W. og andre gjestar velkomne og takka for frammøtet. Etter dette tok Harald Indresøvde ordet og fortalte om samarbeidet mellom Volda RK sin vennskapsklubb, Ramsey RK i England. Samarbeidet mellom klubbane strekker seg over ein periode på Ca 40 år, med varierande aktivitet. For Ca 5 år sidan starta Ramsey RK arbeidet med ein skule, i Mile 36, Port Loko, Sierra Leone, i Afrika. (N 6 gr 25', W 12 gr 52')

Etter denne introduksjonen fekk kveldens hovudperson, David W. ordet. Sierra Leone er eit av dei fattigaste landa i verda, og behovet for skular og opplæring er enormt. Landet har ei svært ung befolkning, og levealderen for menn er berre omtrent 38 år. I 2008 gjekk starten for The David School, då David- og dottera Cathrine Wallwork fekk kjøpe grunn, og tok til med bygging av skulen.

No har skulen vakse til Ca 285 elevar, i 9 klasser. Rotary i England og Rotary i Noreg har gjort ein formidabel jobb med denne skulen, der eldsjeler som David og dottera Cathrine, saman med entusiastiske karar Sunnmøre har fått dette til å bli eit skinande eksempel på at hjelp nyttar. På sikt skal skulen og drifta overleverast til lokalbefolkinga, noko som blir krevjande for alle partar.

Årlige driftskostnader er rekna til Ca NOK 90.000. Eit lite eksempel på kostnadsnivået er at ein lærar kostar Ca NOK 600/mnd, medan ufagært arbeidskraft kostar Ca 20/dag



David i sitt rette element.



Blide elevar.